



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Fjalerhuset - kommunestyresalen
Dato:	23.04.2026
Tid:	Kl. 08:30

Medlemmer:	Parti
Espedal, Leif Jarle	AP
Helle, Arve	AP
Naustdal, Ainor Fristad	AP
Nygaard, Kjersti Engvik	AP
Vagstad, Jostein	AP
Jarstad, Jostein	H
Myklebust, Kai Ronny	H
Sande, Elisabeth Boge	H
Stenseth, Svein-Martin Hovland	MDG
Taylor, Mark	MDG
Engen, Randi Oddny	SP
Felde, Kjetil Høgseth	SP
Grytøyra, Maren	SP
Dingsøy, Lene Beate Furset	SV
Ness, Kjetil	SV
Rundberg, Anna-Linnéa	UAVH
Haugsbakk, Marte	V
Stang, Gunhild Berge	V
Stølen, Christoffer Olai Klenevåg	V

Forfall meldt frå følgjande medl	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Aase, Odd Helge	H	Buttedal, Tore	H
Eimind, Marthe	SP	Malene Westengen Helle	SP
Lammetun, Hans André	SP	Selvåg, Ivar	SP
Brattelid, Ståle	V	Lammetun, Oddgeir	V

Merknader:

Det var dialogkonferanse med presentasjon av Kommuneindeksen 2026 ved Øystein Nergaard i Agenda Kaupang, etterfølgt av gruppearbeid.

Presentasjon av kommuneinndeksen 2026 og kommunedirektøren sin presentasjon vert lagt til som ny referatsak etter møtet.

I forkant av kommunestyremøtet var det kome inn eit grunngjeve spørsmål frå Mark Taylor i Fjaler MDG. Spørsmålet med svar frå ordførar er lagt til som ny referatsak etter møtet.

Møteleiar: Espedal, Leif Jarle

_____	_____	_____
_____	_____	_____
_____		_____

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel		ArkivsakID
026/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		26/726
027/26	Godkjenning av protokoll		26/726
028/26	Referatsaker		26/726
029/26	Forskrift om åpning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgifter for hjort		26/723
030/26	Investeringsprosjekt kostnadsauke		26/599
031/26	Eigerskapsmelding 2026-2027		26/613

026/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Innkalling og sakliste vert godkjende.

23.04.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 026/26 Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjende.

027/26: Godkjenning av protokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå siste møte vert godkjend.

23.04.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 027/26 Vedtak:
Protokollen frå siste møte vert godkjend.

028/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Referatsakene vert godkjende.

23.04.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Ordførar orienterte om:

- samvirkeøvinga i dag 23.04.2026 i Dale sentrum med utrykningskøyretøy (inkl. helikopter) og vegstenging, jf. sms som kommunen sendte ut via innbyggjarvarslings.
- Møte om Fjordkysten Regional- og Geopark som har fått Unesco-status. Deltakarkommunane (Fjaler, Hyllestad, Solund, Askvoll og Sunnfjord) er usikre på finansieringa av geoparken. Kommunane hadde eit eige møte etter geoparken sin gjennomgang for å sjå på løysingar for korleis ein kan jobbe vidare med finansiering for å sikre at vi kan behalde UNESCO-status.

Dersom ein kommune går ut kan ein miste denne statusen. Alle kommunane har intensjon om å jobbe for å halde på statusen, men gav signal om at det kommunale bidraget må vere på eit minimumsnivå (100.000 - 150.000 kr.). Geoparken skal jobbe vidare med dette og skal utarbeide ein avtaleutkast til budsjettarbeidet til hausten.

- Ordføraren deltok på landsmøte for vindkraftkommunane og orienterte om resolusjonen som vart utarbeidd. Resolusjonen inneheld 4 punkt, og vil bli lagt fram som referatsak til neste kommunestyremøte. Dei 4 punkta er auke produksjonsavgifta til 5 øre, innføring av ei preproduksjonsavgift slik at kommunane får inntektene frå det tidspunktet ein har gjort eit positiv vedtak, utbyggingsavtale som innehalde samfunnsnytte, staten bør bistå kommunale planleggingsprosessar med.

Kommunedirektøren orienterte om:

- status på drift/økonomi, sjukefråvær, og rekruttering pr februar-mars 2026
- status arbeidet med omstilling og innsparing
- status arbeidet med skulestruktur
- plan for arbeid - avvikle bruk av Fjaler ungdomsskule (bygget)
- status for arbeid med mål og retning for 2026

Presentasjonen er lagt til som ny referatsak etter møtet.

KOM- 028/26 Vedtak:

Referatsakene vert godkjende.

029/26: Forskrift om åpning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgifter for hjort

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Fjaler kommune vedtek Forskrift om åpning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgifter for hjort, Fjaler kommune, Vestland slik det ligg føre

23.04.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Fagkonsulent landbruk Kenneth Aaland møtte og svara på spørsmål.

Røysting: samrøystes

KOM- 029/26 Vedtak:

Fjaler kommune vedtek Forskrift om åpning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgifter for hjort, Fjaler kommune, Vestland slik det ligg føre

030/26: Investeringsprosjekt kostnadsauke

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Fjaler kommune gjennomfører prosjekt der ein har forplikta seg gjennom anbodkonkurranse
2. Budsjettendringar vert vedteke jamfør tabell under:

Prosjektnr	Prosjekt	Endring
2218	Rassikring Hatledalen	3.840.000,-
2149	Gatelys Elvestien	955.000,-
2102	Kunstgrasbane Dingemoen	902.000,-
2225	Nytt produksjonsskjøkken Helsetunet	-3.000.000,-
2209	Ny septiktank Flekke (delvis nedtrekk	-1.697.000,-
2226	Fjaler Helsetun ny avfallsløysing	-1.000.000,-
Sum		0

09.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 027/26 Vedtak:

1. Fjaler kommune gjennomfører prosjekt der ein har forplikta seg gjennom anbodkonkurranse
2. Budsjettendringar vert vedteke jamfør tabell under:

Prosjektnr	Prosjekt	Endring
2218	Rassikring Hatledalen	3.840.000,-
2149	Gatelys Elvestien	955.000,-
2102	Kunstgrasbane Dingemoen	902.000,-
2225	Nytt produksjonsskjøkken Helsetunet	-3.000.000,-
2209	Ny septiktank Flekke (delvis nedtrekk	-1.697.000,-
2226	Fjaler Helsetun ny avfallsløysing	-1.000.000,-
Sum		0

23.04.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Kommunedirektøren gjorde merksam på feilsummering i tabellen i saksutgreiinga, og formidla dei rette talla. Feilsummeringa har ikkje noko betyding for vedtaket. Dei rette tala er lagt inn i saksutgreiinga.

Ingeniør Arne Strand møtte og svara på spørsmål.

Røysting formannskapet sitt framlegg: samrøystes

KOM- 030/26 Vedtak:

1. Fjaler kommune gjennomfører prosjekt der ein har forplikta seg gjennom anbodkonkurranse
2. Budsjettendringar vert vedteke jamfør tabell under:

Prosjektnr	Prosjekt	Endring
2218	Rassikring Hatledalen	3.840.000,-
2149	Gatelys Elvestien	955.000,-
2102	Kunstgrasbane Dingemoen	902.000,-
2225	Nytt produksjonsskjøkken Helsetunet	-3.000.000,-
2209	Ny septiktank Flekke (delvis nedtrekk	-1.697.000,-
2226	Fjaler Helsetun ny avfallsløysing	-1.000.000,-
Sum		0

031/26: Eigarskapsmelding 2026-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Eigarskapsmelding 2026-2027 for Fjaler kommune vert godkjent slik den ligg føre.

23.04.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Spørsmål om habilitet:

Arve Helle (AP) og **Gunhild B. Stang (V)** stilte spørsmål ved sin habilitet sidan begge har styreverv i Lutelandet Utvikling AS.

Kjetil H. Felde (SP) stilte spørsmål ved sin habilitet sidan han er styreleiar i Kommunearkivordninga, er tilsett i Sysikt og styremedlem i Vevang.

Representantane tredde frå møte under handsaming av habilitetsspørsmålet.

Ved handsaming av eigarskapsmelding i kommunestyret, er det vanlegvis tale om ei overordna, generell sak der kommunen gjer opp status for eigarskap og prinsipp for eigarstyring. Departementet legg til grunn at slike saker normalt ikkje gir partsstatus for dei einskilde selskapa, og dermed ikkje utløyser inhabilitet for styremedlemmer etter fvl. § 6 første ledd bokstav e. Unntak kan likevel oppstå dersom meldinga inneheld konkrete vedtak som direkte gjeld selskapet.

Eigarskapsmeldinga inneheld ikkje konkrete vedtak som direkte gjeld dei aktuelle selskap.

Røysting habilitet:

kommunestyret vurderte samrøystes representantane Helle, Stang og Felde som habile.

Røysting: samrøytes

KOM- 031/26 Vedtak:

Eigarskapsmelding 2026-2027 for Fjaler kommune vert godkjent slik den ligg føre.